

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 30/2005

Møtedato: 15.6.05

Arkiv nr:

## **Søknad om trase for hundeløp – Hallingen Hundekjørerlag**

Hallingen Hundekjørerlag har sidan midten av 90 tallet arrangert hundeløpet "Hallingen" på Golsfjellet i slutten av januar kvart år. Arrangement har deltakarar frå heile sør Norge og dei har også arrangert Norgesmesterskap i samarbeid med Norges hundekjørerforbund.

Hallingen Hundekjørerlag søker om dispensasjon/løyve til preparere og stikke to løyper med utgangspunkt ved Nøsen Fjellstue, for å kunne flytte arrangementet dit.

Løypene er meint å gå frå Nøsen Fjellstue, langs skisporet på Svenskefjorden, så i eksisterande løypenett for scootertransport over Grønsennhøgde til Nørre Trøllhøvd. Dei ønskjer å binde saman skutersporet langs Sørre Syndin med å kjøre skisporet frå Nørre Trøllhøvd over Lomtjern til skutersporet langs Sørre Syndin, og frå nordenden av Sørre Syndin over Hulja mot Haslebrekkstølen. Her er det meint at løypa skal dele seg. Det eine sporet følgjer scooterløypa over Grønsenn og Mosvatnet, så tilbake til Nøsen Fjellstue over Svenskefjorden. Det andre sporet følgjer skutersporet langs vestsida av Midtre Syndin til Vang, og vidare frå Vang i skutersporet i Grunke og over Storfjorden forbi Storøyne til Nøsen.

Klubben opplyser at behovet for å preparere sporet avgrensar seg til å ha et løyve for å kjøre opp sporet etter kvart store snøfall frå slutten av desember. Under sjølve løpet er det nødvendig å skilte, kjøre ut løypevakter, og deretter samle dette inn igjen. Det trengs også et ekstra løyve til ein skuter i tilfelle ulykker eller liknande. Ved å holde oss til det allereie eksisterande skuternettet vil det avgrense behovet for preparering. Trafikken i skuternettet vil sørge for ein god og hard såle.

Eit merka spor på rundt 4 og 9 mil frå slutten av desember på Nøsen fjellstue vil også føre til at ein del hundekjørarar vil reise dit å trene fram mot løp, då det andre plassar i Sør-Norge har manko på gode spor og lett tilgjengelig overnatting. Dette er også med på å preparere sporet, og vil gi fleire gjester på Nøsen.

Heile løypenettet følgjer eksisterande skuterspor, anten nett til skiløyper eller for transportkjøring m.v. Fjellstyret har tidlegare sagt at kommunen kan gi dispensasjonar i det løypenettet som er avsett til leigekjøring m.v. utan å sende dette til fjellstyret for uttale. Søknaden omfattar også eit par strekningar som ikkje ligg til dette nettet. Dette gjeld strekningane Nørre Trøllhøvd til Jomssyndin og Hulja til Haslebrekkstølen.

## **Vedtak:**

Fjellstyret tilrår søknaden.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Hallingen Hundekjørerlag  
Dyrevernemnda i Øvre Valdres v/Leif Homme, 2967 Lomen